



[Dette er ein humlepung, forklarar Magne Huglen, Kjell Magne Haugland og Kristian Olav Bringedal.](#)

**Humlepungen Bryggjarlag bryggjar øl 2 gonger i året og dette er den eine bryggjedagen.
7 av dei 9 bryggjarane er i travel funksjon i Dønhaugkjedlaren frå tidleg til seint og denne gongen gjeld det å laga eit sommarøl, som er lettare enn det dei bryggja til jul.
Med den røynsle som dei har fått i faget gjennom snart 13 år er det all grunn til å tru at prosessen vert vellukka.**

- Vi har vorte meir avslappa med åra, for vi har lært stadig meir om korleis prosessen skal gjennomførast. og om korleis vi kan justera til slutt.

Det seier karane som samstundes held seg orientert via ein TV-skjerm om dramatiske hendingar i verda.

Dei har tydelegvis hatt ein stigande formkurve for dei er særleg godt fornøgd med ølet som dei bryggja for eitt år sidan. Ølet dei laga til jul var ikkje så vellukka, innrømmar dei.

Nokre justeringar har det vore undervegs både på den eine og andre måten. Til dømes køyrer dei no med berre ei uppskoka i året og den blir avvikla ved månadsskiftet november/desember. Før hadde dei 2.

2011 blir eit noko annleis år ettersom yngstemann fyller 50 utpå hausten og det vil ikkje skje upåakta. Det gjer det nødvendig med bryggjing rundt månadsskiftet august/september. og feiring ein månad etterpå.

Elles er det ein interessant nyheit også i den prosessen som går føre seg i dag: Bryggjarane nyttar for første gong humlepung

- dei tek så å seie konsekvensen av namnet sitt. Det er slett ikkje berre ein negativ merkelapp på ein kar,

Humlepung er eigentleg ein pose laga av det same stoffet som blir nytta i ei bleie. Posen blir fylt med humle (tørka blome) og lagt nedi det som skal bli øl i tre omgangar under innkokinga. Humla gir betre lukt og smak.. Tidlegare har påfyllinga av humle skjedd direkte frå posane som er importerte frå Tyskland via ein grossist i Tyssedal.

Og apropos ingrediensar: Kvaliteten på ølet er også avhengig av maltet (kornet) som også kjem frå Tyskland via Tyssedal. Mange andre faktorar kjem sjølvst sagt også inn i biletet.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen